

## Ny næringsforskning for 1,5 milliardar kroner

**Regjeringa har auka støtta til Forskningsrådet sitt største næringsretta program. 75 nye prosjekt for til saman 1,5 milliardar kroner har kome gjennom nålauget.**

- Norsk næringsliv må førebu seg på omstilling og få fleire bein å stå på. Ny næringsforskning for 1,5 milliardar kroner viser at det er mange gode søknader frå norske bedrifter. Dette gir grunn til å vere optimistisk på vegne av næringslivet, seier næringsminister Monica Mæland.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for meir forskning i næringslivet. I 2015-budsjettet styrka derfor regjeringa programmet [Brukarstyrt innovasjonsarena \(BIA\)](#) med 70 millionar kroner. Brukarstyrt innovasjonsarena er Forskningsrådet sitt største næringsretta program.

I år har dei vurdert 136 søknader om innovasjonsretta forskning. 75 nådde opp i konkurransen og vil få støtte på til saman 623 millionar kroner. For kvar offentlege krone som kjem gjennom dette programmet, bidreg næringslivet sjølv med nesten det doble. Totalt femner dei nye prosjekta om forskning og utvikling for rundt 1,5 milliardar kroner.

– Investeringsar i forskning og utvikling er viktig for konkurransekrafta i næringslivet og kan hjelpe til for eit grønt skifte. Desse prosjekta vil bety mykje for verdiskaping og omstilling hos bedriftene, seier Mæland.

Om lag ein tredel av søkjarane som nådde opp er bedrifter som ikkje tidlegare har fått støtte frå Forskningsrådet.

– Det er bra at så mange nye bedrifter er med i konkurransen om desse pengane. Eg ønskjer at endå fleire norske bedrifter hevar ambisjonsnivået for si eiga forskning og deltek i ambisiøse og spennande forskingsprosjekt, seier Mæland.

Les mer på [Forskningsrådets nettsider](#).

Prosjekt som gjeld helse, medisinsk teknologi og grønt skifte i norsk næringsliv er særleg godt representert blant dei som nå får støtte.

– Her ser vi konturane av eit nytt, omstillingsvilleg og nysgjerrig næringsliv. Forskningsrådet sitt BIA-program er eit vidtrekkande tilbod til små og store innovative bedrifter. Prosjekta kjem frå mange ulike bransjar og temaa spenner breitt, seier administrerande direktør i Forskningsrådet, Arvid Hallén.

### Fakta om Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA)

- BIA er eit av Forskningsrådet sine største program.
- Finansierer innovasjonsretta forskingsprosjekt som skal gje høg verdiskaping både for bedriftene som deltek og for samfunnet.
- Prosjekta er initierte av næringslivet, og drivkrafta ligg i bedriftene sine eigne strategiar og behov.
- Nærare 50 prosent av FoU-investeringane er frå bedrifter som har BIA som einaste finansieringskjelde for prosjekta sine. Det er berre dei aller beste prosjekta som får støtte.

### Pressekontakt:

Pressevakten i Nærings- og fiskeridepartementet, tlf 902 51 303 (ikke sms), [media@nfd.dep.no](mailto:media@nfd.dep.no)

[Abonner på pressemeldinger og nyheter fra NFD her.](#)